



VEDTEKTER
Norges Korforbund
DISTRIKTSLEDD

SOGN OG FJORDANE

Vedtekne med endringar på landsmøtet 2022

§ 1 ORGANISASJON

NORGES KORFORBUND SF, er eit distriktsledd av Norges Korforbund, som er ein partipolitisk og religiøs nøytral organisasjon. Årsmøtet er øverste styrande organ til distriktsleddet . (jf § 4)

§ 2 HENSIKT

Norges Korforbund SF sitt overordna mål er å gje korsongen høve for større utbreiing og høgare kvalitet. Dette skjer mellom anna ved å:

- Gje gode tilbod som medlemeskora verdset.
- Yte relevant støtte til medlemeskora.
- Gje korsongarar, tillitsvalde og dirigentar høve til å utvikle seg.
- Skape eit mangfald av kor.
- Hjelpe til med innovasjon og ta vare på tradisjon i korbevegelsen.
- Styrkje korrørsla sine rammevilkår og betydning

§ 3 MEDLEMSKAP

§ 3.1 Opptak av medlemar.

Det enkelte kor teiknar medlemskap i Norges Korforbund. Ved medlemskap blir koret automatisk medlem i distriktsleddet på tilhøyrande plass, og koret sine songarar og dirigent vert rekna som medlemer i Norges Korforbund.

Alle forhold knytt til medlemskap og medlemskapet sine rettar og plikter føl av Norges Korforbund sine vedtekter.

§ 3.2 Plikter

Distriktsledd pliktar å sende inn årsmelding, rekneskap og årsmøteprotokoll til sentralleddet innan 30 dagar etter at årsmøtet har vore.

Alle forhold knytt til medlemskap og medlemskapet sine rettar og plikter føl av Norges Korforbunds sine vedtekter.

§ 4 ÅRSMØTE

§ 4.1 Generelt

Årsmøtet er Norges Korforbund SF sitt øvste styrande organ.

§ 4.2 Årsmøtet si samansetjing

- 2 delegatar frå kvart medlemskor,
- Styret sine medlemer.
- leiar av utval valde av Årsmøtet
- æresmedlemer,
- observatørar og gjestar,
- revisor.

§ 4.3 Årsmøteperiode og framlegg til Årsmøtet.

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år før 31. mars og kjem saman etter skriftleg innkalling frå styret med minst seks vekers varsel. Saksliste, styret si årsmelding og rekneskap skal vere sendt til medlemene seinast 14 dagar før Årsmøtet.

Innkalling til ekstraordinært årsmøtet skal skje med minst 14 dagar varsel når styret eller minst 1/3 av medlemene krev det. Saksliste skal følgje innkallinga.

Årsmøtet er vedtaksføre når innkallinga skjer lovleg.

Saker som er yngst handsama av Årsmøtet skal, skriftleg og med grunngjeving, vere styret i hende minst fire veker før Årsmøtet.

§ 4.4 Framlegg- og stemmerett

Delegat valde av kora kan stemme, jf § 4.2.

Styret sine medlemer kan avgje stemme og komme med framlegg i alle saker som ikkje gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 4.5 Møte- og talerett

Leiarar av utval valde av Årsmøtet, æresmedlemer og revisor har møte- og talerett.

§ 4.6 Saksliste – ordinær årsmøtehandsaming

- a. Godkjenning av stemmeberettiga
- b. Val av møteleiar
- c. Val av referent
- d. Val av to protokollvitne.
- e. Val av tre medlemer til redaksjonskomité
- f. Val av to medlemer til teljekorps
- g. Godkjenning av innkalling
- h. Godkjenning av saksliste
- i. Årsmelding
- j. Revidert rekneskap
- k. Behandle innkomne saker føreslegne av styret eller medlemskor
- l. Handlingsplan / Aktivitetsplan
- m. Fastsetje lokal tilleggsavgift (der dette er aktuelt)
- n. Budsjett
- o. Val av revisor
- p. Val av styre

4.7. Val

Styret:

- Velje leiar for 1 eller 2 år (jamfør lokale tilleggsvedtekter)
- Velje nestleiar for 2 år
- Velje styremedlemer (velgje slik at ikkje alle er på val samstundes)
- Velje varamedlemer for 1 år

Valkomité:

- Velje leiar
- Velje 2 medlemer
- Velje 1 varamedlem for 1 år

Medlemer av valkomiteen vert valde etter framlegg frå styret med to års funksjonstid. Eitt medlem bør være på val kvart år. Varamedlem vert valde for eitt år. Faste medlemer kan sitje i komiteen i 8 år samanhengande. Valkomiteen arbeider etter retningslinjer vedtekne av Landsmøtet.

Generelt for alle tillitsverv i Norges Korforbunds DL:

Valbare er personar med gyldig medlemskap i eitt av distriktsleddet sine medlemskor. Personar tilsette i Norges Korforbund er ikkje valbare. Ein tillitsvalt som blir tilsett i valperioden, må trekkje seg frå vervet sitt.

§ 4.8 Kjønnsfordeling

Norges Korforbund DL bør arbeide for kjønnsbalanse i alle styre, råd og komitéar.

§ 4.9 Reglar for å stemme.

Val skal skjø skriftleg dersom nokon krev det, eller dersom det er meir enn ein kandidat. Framlegg om suspensjon og eksklusjon skal skje ved skriftleg avstemming. I alle andre saker skjer skriftleg avstemming berre dersom dette vert kravd.

Alminneleg fleirtal avgjer sakene, unntake i saker som vert omfatta av vedtektsendringar og opplysnings.

Ved stemmelikskap tel sitjande styreleiar si stemme dobbelt, unntake ved val, som i tilfelle vert avgjort ved loddrekning.

Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal avsetje styret samla.

Det skal førast møteprotokoll frå årsmøte forhandlingane, og denne skal underteiknast av møtesekretær og to representantar valde av Årsmøtet.

Utskrift av protokoll skal sendast til medlemer av styret, varamedlemer, distriktsleddet sine medlemskor samt Norges Korforbunds hovudkontor.

§ 5 STYRET

Styret skal leie distriktsleddet i tida mellom årsmøta og er samansett av leiar, nestleiar og styremedlemar. Minst eitt av styremedlemene skal ha musikkfagleg bakgrunn. Leiar av andre utval kan bli kalla inn til styremøte i saker som vedkjem utvalets arbeid.

Møte i styret blir haldne så ofte leiaren finn det naudsynt, eller når minst 1/3 av styret sine medlemer krev det.

Styret er vedtaksføre når minst 2/3 av styret sine medlemer inklusiv leiar eller nestleiar er til stades. Ved like stemmer tel leiaren si stemme dobbelt.

Det skal førast møteprotokoll frå styremøta. Protokoll skal sendast til styret sine medlemer, varamedlemer og distriktsleddet sine medlemskor.

Styret fastset tid og stad for Årsmøtet, og innstiller medlemer til valkomiteen.

Norges Korforbund DL tegnes av to styremedlemar i fellesskap, der leiar / nestleiar må være den eine. Norges Korforbund DL kan meddele prokura.

Styret kan med minst 2/3 fleirtal suspendere eller ekskludere ein tillitsvald frå sitt tillitsverv i distriktsledd. Før vedtak vert fatta, skal den tillitsvalde kunne uttale seg. Vedtaket kan ankast inn for første årsmøtet.

§ 6 ØKONOMI

Vedteke budsjett må til ein kvar tid gje økonomisk dekning for kostnader knytt til med vedtekne aktivitets- og handlingsplanar. Dette er ikkje til hinder for at det kan brukast av eigenkapitalen for å balansere budsjettet. Styret kan regulere budsjettet i årsmøte-perioden innafor råma av faktisk disponible midlar.

Rekneskapen skal reviderast kvart år. Rekneskapen føl kalendaråret. Norges Korforbund SF dekkjer alle naudsynte reise- og diettutgifter for styret sine medlemer ved representasjon eller deltaking på aktivitetar der det er naturleg at DL er til stades. Dette gjeld også for medlemer av valde eller oppnemnde komitear og utval.

§ 7 AKTIVITETAR

Norges Korforbund SF er ansvarleg for å legge til rette for at det er tilbod om seminar, konsertar og kurs for songarar, dirigentar og tillitsvalde i etter gjeldande handlingsplan for Norges Korforbund.

§ 8 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektena frå § 1 - 9 kan berre endrast av Landsmøtet i Norges Korforbund og då med minst 2/3 fleirtal av registrerte stemmene.

Distriktsleddet sine eigne tilleggsvedtekter (frå § 10) kan berre verte endra av Årsmøtet og då med minst 2/3 fleirtal av registrerte stemmer.

§ 9 OPPLØYSING

Vedtak om oppløysning av Norges Korforbund DL kan bestemmast av ordinært eller ekstraordinært landsmøte og då med minst 2/3 fleirtall av registrerte stemmer. Etter at alle økonomiske forpliktelsar er dekka, skal eventuell restformue disponerast i tråd med måla i § 2.

Norges Korforbund Sogn og Fjordane sine ekstra vedtekter.

Vedteke på årsmøtet 2024

§ 10 STYRET OG MUSIKKFAGLEG ANSVARLEG

Styret i Norges Korforbund Sogn og Fjordane er samansett av 7 representantar. Leiar, nestleiar og 5 styremedlemer. Minst eitt av styremedlemene skal ha musikkfagleg bakgrunn.

§ 11 SONGARSTEMNE

Norges Korforbund Sogn og Fjordane har som ei av sine oppgåver å syte for at det kvart år vert halde songarstemne, helst i alle regionane i Sogn og Fjordane. Styret set tid og stad for stemna. Songkora på staden har det tekniske ansvar for arrangementa. Stemnekontingent vert fordelt slik: $\frac{3}{4}$ til Norges Korforbund Sogn og Fjordane, $\frac{1}{4}$ til arrangørkor. Styret/årsmøtet vel ut personar i styret som har ansvaret for Norges Korforbund Sogn og Fjordane sine oppgåver i samband med songarstemna. Styret kan og legge opp til andre stemne/konsertar.

§ 12 VI SYNG FOR EI GOD SAK

Norges Korforbund Sogn og Fjordane skal kvart år legge til rette for nyttårskonsertar i alle regionane i Sogn og Fjordane. På kvar plass skal det spørjast eit lokalt kor om å vere teknisk arrangør. Inntekta skal gå til ein frivillig organisasjon som Norges Korforbund Sogn og Fjordane vel ut kvart år etter at utgifter er betalt. Det ligg føre eigne vedtekter for desse arrangementa på heimesida til NKSF på kor.no

§ 13 LEIARMØTE

I tillegg til vanleg årsmøte kan det i driftsåret kallast inn til leiarmøte dersom styret i Norges Korforbund Sogn og Fjordane finn dette naudsynt. På desse deltek leiaren (eller ein annan vald representant) frå medlemskora og styret i Norges Korforbund Sogn og Fjordane. Styret kan avgjere om andre skal inviterast inn i møta, som til dømes valnemnda.

§ 14 HEIDERSTEIKN

Personar som har vore medlem i kor i 25 år, kan få heidersteikn frå NKSF. Korsongarar som har vore på 10 songarstemne kan få tildelt 10 års knappen. Dei kan vidare få tildelt heidersteikn ved 30,40,50,60,70 og 75 år. Desse må det søkjast om til NK sentralt. NKSF skal kvart år sende ut søkeradsskjema for desse heidersteikna. Dei blir utdelt på songarstemnet eller ved eit anna høve.

§ 15 SERVISEAVGIFT

NKSF har ei serviceavgift i tillegg til fast kontingent som er vert fastsett av Landsmøtet i Norges Korforbund. Årsmøtet i NKSF fastset til ei kvart tid storleiken på serviceavgifta.